



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

Saksbehandler Asle Sandnes
Vår dato 18.02.2022
Vår referanse 2022/139
Deres dato
Deres referanse

Svar på høyring fra Foreldreutvalet for grunnsopplæringa - Gjennomføring av eksamen våren 2022 og midlertidige tilpasninger i fag- og timefordelingen skoleåret 2021-2022

Vi i Foreldreutvalet for grunnsopplæringa, FUG, takker for at vi får svare på denne høyringa.

Vi har gjeve innspel til Utdanningsdirektoratet tidlegare i prosessen. Hovudtrekka i dette innspelet er desse:

- «2021/2022 har vore eit unormalt skuleår. Det er store skilnadar i opplæringa ulike elevar har fått. FUG meiner difor at forskrifta for 2021 bør først vidare og at munnleg eksamen avlysast allereie nå.
- Sjølv om det kan vere gode grunnar til å ha eksamen på 10. trinn, meiner vi likevel at denne også bør avlysast på grunn av at mykje læring er mista.
- Vi likar ikkje omgrepet «tapt læring» særleg godt, då dette gjer negative assosiasjonar, men vi er særleg opptekne av at ein ivaretek fylgjande innspel frå *Parr-rapporten*:
 - *Tiltak 1.1, tiltak 2.2 og tiltak 3.4.*
- Avklaring kring avvikling av eksamen våren 2021 kom altfor seint, og gav unødig mykje meirarbeid og frustrasjon.
- Det er fornuftig å føre vidare reglane frå 2021, men allereie nå avlyse munnleg eksamen på 10. trinn og VG3 for å gje ein så forutsigbar opplærings situasjon som mogleg.

Til høyringa som ligg føre nå vil vi legge til at:

- Vi støtter forslaget om at foreldre kan stadfeste sjukdom ved eksamen, slik at fastlegane ikkje vert unødig belasta.
- Vi støtter forslaget om å avlyse dei fleste dei ordinære eksamenane i grunnskolen og i vidaregåande skole i tråd med forslaget som er sendt på høyring.
- Å avlyse eksamen vil gje betre tid til å jobbe med kompetansemåla og sette gode standpunkt vurderingar.
- Når det gjeld dei om lag 100 millionane som sparast inn ved å avlyse eksamen så vil vi foreslå at desse settast inn på ekstra bemanning i skulane hausten 2022, for å møte dei faglege og sosiale utfordringane pandemien har ført med seg for elevane i skolen.

Med venleg helsing

Marius Chrømer
Leiar FUG

Marie Skinstad-Jansen
Nestleiar FUG

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og sendast utan signatur